



Annette Hovland
Vabøvegen 201
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3440 - 22/33769

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
02.05.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 102/2 og 102/34

Administrativt vedtak: Saknr: 488/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Annette Hovland og Johan Gunnar dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 03.05.2027 for gbnr 102/2 og 34 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Annette Hovland og Johan Gunnar** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr **102/2 og 34**. Søkjer eig 8,8 daa overflatedyrka mark. Drifta er 9 vinterfora sau. Søkjarene samlar ikkje husdyrgjødsel fordi dei har sauver som går ute heite året. Søkjarene bruker ikkje kunstgjødsel.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk:

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/3440 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Annette Hovland

Vabøvegen 201

5955

Lindås